Referat frå SU-møte 12.10.26

Tilstades:
Betina Hissingby
Ingunn Gjeitanger
Ane Voster
Mailyn Sammler (vara for Hanne Grytdal)
Elisabeth B. Tytlandsvik
Sølve Arnesen Eie
Andre Flage Fjelde
Birgit Rein Espedal
Trine Sørskår
Hans Marius Våga

Forfall:
Bjørn Sølve Barka
Renate H. Gjerde
Hanne Grytdal

1. Referatet frå sist møte blei godkjent.

2. Nytt frå FAU

- Skal arrangere Halloweendisco, 30.10, kl. 18-19, i gymsalen på skulen. Mat og helse-lærar blir utfordra til å lage halloweenaktig småknask. Rektor tar med ønsket vidare.

- Ønske om varmkompostering av matavfall, og knytte det til naturfag og grønsakshagen. Rektor tar ønsket med seg vidare til mat og helse-lærarane.

3. Nytt frå barnehagen

- Innan 1 des. får me 4 nye barn, medfører behov for tilsetjing i 65% pedagog-stilling.

- FN-kafè tor. 22.10 kl. 14:00-15:30. Samlar inn til barneheim i Malawi, drive av folk med Fiskåbakgrunn, noko som fører til gode og konkrete tilbakemeldingar. Er i gang med å lage ting til å selje.

- Har gode vikarar for tida, og sjukefråveret er lågt. Har også ei frå Ung i jobb. Og har ein spesialpedagog frå PPT inne fast 5 timar pr. veke, som arbeider som rettleiar for dei tilsette, med blikk for heile grupper.

- Park og Grønt har fiksa opp sandkassen, og det er me glade for.

4. Nytt frå SFO

- Det er 40 barn totalt på SFO, noko som er rekordhøgt. Har utvida bemanninga i tråd med bemanningsnorma.

- Går gjerne litt tidlegare opp i SFO-området frå Tangen om morgonen, pga. mange barn.

- Har ein elev frå Strand vgs i praksis kvar onsdag.

- Følger dei same reglane som på skulen og brukar konsekvenstrappa.

5. Nytt frå skulen

- Økonomien går greit.

- Framlegging på møte i Levekårsutvalet 27.10. NSO har fått temaet «uteskule».

- Norlis lesekonkurranse er godt i gang. I veke 46-47 er det leseveker, og me har overordna tittel «Magiske leseveker».

- Reflekskonkurransen – startar straks.

- Det blir haustforestilling for småtrinnet, tor. 26.11. Og det blir offisiell opning av haustutstillinga av ting elevane på mellomtrinnet har laga, på Tautunet tys. 27.10.

6. Nytt frå elevane

- Elevrådet er konstituert og har akkurat kome i gang med elevrådsmøta.

7. Ymse

- Korleis er kvaliteten på det nye reilestativet? Kor blei det av UFO-reila dei tok ned for ei tid tilbake? Rektor spør Park og grønt om dette.

- Drikkestasjonen – er den på? Rektor sjekkar.

Neste møte blir tys. 24.11 kl. 19:00.

Med helsing

Hans Marius Våga

verksemdsleiar

telefon 97639330